

## Informasjon og samtykke til digital lås

### Til deg som får tryggleiksalarm

Kommunen nyttar digitale låsar hos personar som har behov for tryggleiksalarm. Løysinga erstattar bruk av fysiske nøklar og nøkkelboksar, og skal bidra til ein trygg kvardag for deg som tenestemottakar.

Dette skrivet gir deg informasjon om den digitale låsen, kva det betyr for deg i kvardagen, og ber om samtykke til at kommunen kan installere låsen på inngangsdøra di.

### Kvifor nyttar kommunen digitale låsar?

Kommunen nyttar digitale låsar for å sikre trygg og påliteleg tilgang til bustaden din når heimetenesta skal hjelpe deg. Løysinga gjer det mogleg for tilsette å kome raskt inn dersom det er behov for hjelp, til dømes ved utløyst tryggleiksalarm eller andre uventa hendingar.

Løysinga gir òg betre kontroll med kven som har tilgang til bustaden din. Berre tilsette som har oppdrag hos deg, får digital tilgang. Kvar opplåsing frå utsida blir loggført, slik at kommunen kan sjå kven som har vore inne, og når.

### Kva inneber ein digital lås for deg?

- Det vert montert ein digital lås på innsida av ytterdøra di. Det gamle dørbeslaget ditt vert oppbevart hos oss.
- Du og dine pårørande brukar framleis vanleg nøkkel som før.
- Det vert ikkje loggført når du sjølv eller pårørande går inn eller ut av bustaden
- Du må ta godt vare på utstyret. Dersom delar blir øydelagde som følgje av uforsvarleg bruk, kan du bli ansvarleg for å erstatte dette.

### Montering og fjerning

Kommunen har ansvar for montering, vedlikehald og fjerning av den digitale låsen.

Dersom du ikkje lenger har behov for tryggleiksalarm, blir den digitale låsen fjerna, og døra sett tilbake i same stand som før.


### Personvern

Kommunen behandlar opplysningar i samsvar med gjeldande reglar for personvern. Loggar blir berre nytta ved behov, til dømes for kvalitetssikring eller handtering av avvik.

Den digitale låsen er ikkje kopla til internett og kan ikkje fjernstyrast.

### Har du spørsmål?

Dersom du ønskjer meir informasjon kan du ta kontakt med Avdeling for forvaltning og koordinering: **Telefon:** 53 65 47 16 / **Epost:** tildelingskontor@ullensvang.kommune.no.



**Ullensvang  
kommune**

## Samtykke til installasjon av digital lås

Eg har fått informasjon om digital lås og samtykkjer til at kommunen kan installere digital lås på inngangsdøra mi.

- ☐ Ja, eg samtykkjer
- ☐ Nei, eg samtykkjer ikkje

Namn: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_

Telefon: \_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_\_

Signatur: \_\_\_\_\_

- ☐ Eg er pårørende/verje og samtykkjer på vegner av brukaren (*Legg ved fullmakt*)

(Relasjon/rolle): \_\_\_\_\_